

Til alle frivilligsentralar i Hordaland  
Dagleg leiar  
Styret

Norheimsund, 14. januar 2016

## **Informasjon frå arbeidsgruppa som førebur stifting av «Frivillig Hordaland»**

### **Stiftingsmøte**

Stiftingsmøte for Frivillig Hordaland er sett til 13. april kl 17-20. Møte vert halde i samband med Hordalandsamlinga på Westland Hotel i Lindås. Styrer og tilsette i alle FS i Hordaland er invitert. Kvar sentral kan møte med 2 representantar. Sentralar som har meldt seg inn i Frivillig Hordaland har tale- og stemmerett. Innkalling og sakspapir vert sendt ut ein måned før møte. Påmelding til møte vert gjort i samband med påmelding til Hordalandsamling som vert sendt ut av nettverk Nord om kort tid.

### **Vedtekter**

I september 2015 sendte arbeidsgruppa ut forslag til vedtekter (med drøftingsnotat) og ba om innspel innan 14.12.15. Det kom inn to innspel innan fristen. Arbeidsgruppa har vurdert desse og gjort nokre endringar i vedtektene. Dei nye vedtektene – oppdatert 140116 – følgjer vedlagt. Det er desse som vert lagt fram på årsmøte.

### **Innmelding**

Det er pr dato 11 sentralar som har meldt seg inn og betalt kontingent til organisasjonen.

- Alle FS i Hordaland kan melde seg inn i Frivillig Hordaland.
- FS som har meldt seg inn og betalt kontingent har tale- og stemmerett på stiftingsmøte.
- Innmelding føregår ved å betale kontingent kr 500 til konto 3530 27 81417. Merk innmelding med navn på sentral. (Faktura følgjer vedlagt.)
- Kontingenten gjelder for 2016.
- Innmelding må være gjort innen stiftingsmøte om ein ønskjer tale- og stemmerett.

### **Innspel til valnemda**

Det skal velges medlemmer til styret, valkomitè og revisorar på stiftingsmøte. Me oppmodar sentralane til sende inn forslag til valnemda/arbeidsgruppa til [victoria.danielsen@bymisjon.net](mailto:victoria.danielsen@bymisjon.net) innan 150216.

#### **§ 4 Organisering, styre og valg**

##### **Følgende gjelder for valg og sammensetning av styret:**

- a. Styret består av 5 faste medlemmer. Leder velges blant eierrepresentanter for 1 år av gangen, de øvrige 4 styremedlemmer velges for 2 år av gangen.
- b. Det skal tilstrebes variert geografisk, eierskapsmessig og kjønnsmessig fordeling.
- c. Det velges 2 vararepresentanter til styret: 1 representant velges blant eiere/ styrerepresentanter og fungerer som vara for styrerepresentanter. 1 representant velges blant daglige ledere og fungerer som vara for daglige. Vararepresentanter velges for 2 år av gangen.
- d. Det velges 2 revisorer.
- e. På årsmøtet velges en valgkomite på 3 personer. Første gang for henholdsvis 1, 2 og 3 år av gangen. Deretter velges representantene for 3 år av gangen.

Ikkje nøl med å ta kontakt med oss i arbeidsgruppa om de har spørsmål.

*Med helsing frå arbeidsgruppa*

*Per Ole, Lindås Frivilligsentral, telefon 99 55 45 40*

*Jimmy, Etne Frivilligsentral, telefon 90 23 83 54*

*Victoria, Sveio Frivilligsentral, telefon 48 88 15 28*

*Bodil, Fusa Frivilligsentral, telefon 91 69 32 26*

*Sidsel, Grannehjelpa – Frivilligsentralen i Kvam, telefon 90 12 26 88*